



Norsk studentorganisasjon

Lakkegata 3 / 0187 Oslo

T: 22 04 49 70

F: 22 04 49 89

E: nso@student.no

W: www.student.no

Høringsuttalelse

Høyring: Rapport om skikkethetsarbeid for utdanninger underlagt forskrift for skikkethetsvurdering UHR Universitets- og høgskolerådet

”Det er bedre å ta problemet ved rota framfor å drive kantklypping.”

Innleiing

Norsk studentorganisasjon (NSO) takkar for høvet til å koma med innspel til rapporten om skikkaheitsarbeid frå Universitets- og høgskolerådet (UHR), og kjem her med vår høyringsfråsegn.

Rapport om skikkethetsarbeid i UH-institusjonene

Generelt

NSO set stor pris på at UHR tok tak i denne saka, og på den rapporten som er lagt fram. Det virkar som arbeidsgruppa har gjort eit grundig arbeid, og emnet skikkaheit er godt utdjupa i rapporten. Arbeidsgruppa har mellom anna valt eit nokså breitt perspektiv på skikkaheitsarbeidet.

Arbeidet med skikkaheit er ein veldig viktig del av dei utdanningane som er underlagt forskrifta. Det kan absolutt virke som om det er mykje som kan forbeistrast med måten institusjonane arbeider med dette på, NSO ynskjer å understreke viktigheita av god, kontinuerlig informasjon, og førebygging.

Det virkar som ein del av forslag til tiltak er meint å stoppe dei aller grøvste tilfelle ein har sett. NSO vil uttrykke skepsis til denne måten å legge opp eit regelverk på. Det vil alltid finnast ting i eit regelverk ein kan krangle på, og heilgardering fører ofte til mykje unødig byråkrati.

Delar av skikkaheitsarbeidet, og utfordringar med dette, kan sjåast på som toppen av isfjellet av samarbeidet mellom utdannings- og praksisinstitusjon. Når ein då skal gjere endringar i forskrifta som omhandlar skikkaheitsarbeid er det sentralt å finne kva utfordringar som har å gjere med det generelle samarbeidet mellom institusjonane og ikkje minst informasjonsarbeidet. Det er betre å ta problemet ved rota framfor å drive kantklypping.

Rammeverket, rettane til studentar og brukarar

NSO stiller seg bak tilrådingane om å presisere regelverket når det kjem til konflikt mellom studentrettar og pasient/brukarrettar. Men ynskjer å legge til at rettane studenten har overfor institusjonen skal vera sterke.

NSO stiller seg spørjande og kritisk til at det skal gå ann å dette mellom to stolar når det kjem til praksis: dersom praksisfeltet ser ein student uskikka til praksis kan ein vel ikkje vera skikka til yrket? Institusjonane må legge opp til gjennomførleg praksis for studentar som er skikka. Men der studentar får ekstra rettleiing er det sjølvstendig viktig å vita kven det er som har ansvar for å vurdere om rettleiinga tilfredstiller krava om sikkerheit i praksis.

Når det kjem til spørsmålet om kor vidt det skal gå ann at vedkomande som melder tvil skal få vera anonym overfor studenten det gjeld, vil NSO utrykke seg skeptisk. Å melde tvil om skikkaheiten til ein student er ei alvorleg sak og det er viktig å sikre at det ikkje vert misbruka av nokon. Dersom det er slik av særleg studentar kvir seg for å melde tvil om ein medstudent bør ein sjå på korleis skikkaheitsarbeid blir arbeidd med, med kontinuerlig dialog. Når det i fyrste omgang vert meldt om tvil om ein student skal handsaminga vera prega av dialog og av at studenten skal få gjere greie for seg sjølv. Dersom studenten ikkje får vita kven det er som har meldt tvil kan det vera vanskeleg å gjere greie for den eventuelle hendinga og situasjonen kan kjennast utrygg og fort bli lite konstruktiv. Me ser intensjonen med å legge opp til anonymitet: å senke terskelen særleg hjå medstudentar for å melde tvil. Men me meiner for det fyrste at dette ikkje er rett overfor den studenten det gjeld, og er usikre om studiemiljøet i ettertid vil bli betre. Dersom ynsket er å senke terskelen og å normalisere skikkaheitsarbeid gjer ein ikkje det med anonymisering. Då stadfestar ein kjensla av svik og usikkerheit hjå alle partar. Me vil oppmode til at ein tek i bruk andre tiltak for å senke terskelen for å melde tvil. Det gjeng serleg ut på grundig informasjonsarbeid kring kva skikkaheits-arbeid er, men og god rettleiing undervegs. NSO vil gjerne syne til prosjektet ForVei ved NTNU, som har arbeidd med, og fått gode resultat, mellom anna ei utmerking for utdanningskvalitet av NOKUT. Prosjektet gjeng ut på tidlig og førebyggjande rettleiing av studentar (gjort i løpet av fyrste studieår). Dette er ein modell me meiner ein burde ha på alle utdanningsinstitusjonar og spesielt på utdanningane som er under forskrift for skikkaheit.

NSO har ikkje noko imot at ein greier ut kva som skal omfattast av politiattesten. Men me ynskjer å spele inn at me meiner at folk kan endre seg og modnast og at det derfor er meir føremålstenleg i samband med valdssaker at ein ser på kva type vald det gjeld og at ein i somme tilfelle heller opererer med tidsavgrensing.

Dersom ein kan finne ei løysing der studenten gjev samtykke til innhenting av politiattest gjennom Studentweb eller liknande, høyrer det ut som dette kan gje ei forenkling for alle på dette området.

Det viser seg at dei krava ein har i dag til norskkunnskap ikkje nødvendigvis er gode nok. NSO er samde i at noko må gjerast med dette. Men me er ikkje for at kvar einskild institusjon skal setje krav for seg sjølv. Det må vera felles krav til norskkunnskap. Dersom dei testane ein har i dag ikkje er gode nok for kvalifisering må desse endrast. Det er mogleg ein treng eigne testar i praktisk norsk for å kvalifisere til ein del av profesjonsutdanningane, men desse må utviklast på nasjonalt nivå. For å unngå forskjellige standandar er det viktig at ein har nasjonale, og ikkje lokale, testar. Skalaen for denne type testar bør vera bestått/ ikkje bestått, der bestått skal syne til tilfredstillande kunnskap.

NSO er positive til at det vert utgreia kva utdanningar det er føremålsteneleg at ligg under skikkaheitsvurdering.

NSO meiner at det berre er vedtak som skal utvekslast mellom studiestadar i samband med bytte av studiestad. Me ser at problemet her kan vera dei studentane som vert rettleia ut fordi dei ikkje er skikka, og at desse kan søke same utdanning på andre institusjonar. I

dette høvet vil me understreke kor viktig det er å opprette ei skikkaheitssak i høve der ein meiner det er sterk trong til eit slikt vedtak, det vil seie dersom studenten på ingen måte er skikka og andre institusjonar bør vite om dette.

NSO støttar og vurderinga om utgiftene ved skikkaheitsvurdering ikkje burde påleggjast institusjonen. Dette kan gje insentiv om ikkje å opprette skikkaheitssaker, men og negative konsekvensar for studiekvaliteten då kostnadane må dekkast inn ein annan stad på budsjettet til institusjonen. Ei løysing kan vera ein slags nasjonal pott.

Organisering av skikkaheitsarbeidet i institusjonane

Når ein vurderar kva tilrettelegging som kan vera føremålsteneleg for ein student er det ikkje frykta for at vedkomande skal koma attende og klage på mengda som skal vera avgjerande. Derfor meiner NSO at det ikkje er nokon god ide å setje eit tak i rundskrivet på kor mykje rettleiing som skal gjevast. Om ikkje anna vil det i seg sjølv kunne gje grunn til klage, og det er ikkje sikkert det er rette middelet overfor den einskilde studenten. Ein måte å løyse dette på kan vera å lage individuelle avtalar om kor mykje rettleiing ein skal gje før ein evaluerer korleis det har fungert og kva vegen vidare skal vera.

NSO meiner det er viktig å konsentrere seg om rettleiing og dialog i vurderingssamtalane, og at ein derfor kan gjere det klart at det ikkje er naudsynt å ha med seg advokat på det tidspunktet. Men å tilrå studenttillitsvald framfor advokat er me særskilt skeptiske til. Studenttillitsvalde har ikkje den nøytrale posisjonen eller kompetansen som kan vera naudsynt i slike møte. Studenttillitsvalde held seg i større grad til meir prinsipielle spørsmål, og mindre til konkrete personsaker.

Det virkar og veldig uforståeleg på NSO kvifor ein student ikkje skal kunne klage på eit vedtak om å avbryte rettleiing. Dette er ein type vedtak me av prinsipp meiner bør kunne klagast på. Det må sjåast som eit einskildvedtak og skal dermed kunne klagast på. Instasen klagen vil bli handsama i er klagenemnda ved institusjonen, oppgåva deira er å kikke på omstende kring handsaminga, ikkje gjere faglige vurderingar. Når ein i tillegg har sett materialet frå felles klagenemnd som låg ved rapporten vert dette synet styrkt: Av dei tre sakene som tek for seg utestenging etter skikkaheitsvurdering vart to av tre vedtak oppheva grunna feil i sakshandsaminga i underinstansen.

Når det kjem til kor vidt NOKUT skal arbeide med skikkaheit når dei vurderar kvalitetssikringssystem ynskjer NSO å understreke av NOKUT ikkje skal akkreditere kvalitetssikringssystem. Rutinane kring skikkaheitsarbeid er ei side av verksemda NOKUT kan gå inn å kikke på dersom institusjonen sjølv ynskjer å bli evaluert på dette. NSO vil dermed oppmode institusjonane til å be NOKUT om å vurdere skikkaheit.

Kompetanse i institusjonane og utvikling av gode nettverk

NSO har ingen større kommentarar til tilrådingane i denne delen, forutan at me særskilt vil trekke fram at me er positive til ei felles, nasjonal skulering av medlem i skikkaheitsnemder.

NSO tykkjer punktet om at tilhøvet mellom læreutbytteskildringar og skikkaheitsvurdering er viktig. Me meiner kontinuerlig informasjon og tydelig kommunikasjon om skikkaheitsarbeidet gjennom høvelege kanalar er avgjerande for å betre systemet kring skikkaheitsarbeid.